

Lærdal Golfklubb  
Pb. 115, 6886 Lærdal  
Mobil 47176404 og epost [post@legk.no](mailto:post@legk.no)



## **Ekstraordinært årsmøte – ny golfbane Lærdal Golfklubb**

**Stad: Håbakken**  
**Dato: 09.01.2019**  
**Tid: 18:00**

Vi vil med dette invitere deg til ekstraordinært årsmøte om bygging av ny golfbane i Lærdal.

Golfklubben har i lengre tid jobba med utgreiing av alternativ for bygging av ny golfbane i Lærdal. Ein av hovudutfordringane så langt har vore tilgang på tilstrekkeleg areal for å kunne gå vidare i prosessen, dette er no på plass, forutsett at det vert godkjent av offentlege instansar. I fyrste omgang har me areal til 6 hol og i 2024/25 areal til 3 nye hol.

Ekstraordinært årsmøte må ta stilling til om me skal gå vidare med prosjektet med å bygge ny golfbane i Lærdal.

Dersom årsmøtet vedtek å jobba vidare med planane, er neste trinn å gjennomføra eit forprosjekt for å utgreie kostnader og ressursbehov ved bygging av ny bane.

Det er mange element som må vera med i eit forprosjekt, og klubben har med det behov for å knyta til seg fleire ressursar i prosjektet. Hovudsakleg ynskjer me ressursar til ei ressursgruppe for forprosjektet, men og i ei prosjektgruppe.


Detaljar for eit forprosjekt vil bli presentert på årsmøtet, me håpar difor at så mange som mogeleg har høve til å delta.

Me har mange engasjerte og kompetente medlemmar i golfklubben, no treng vi alle saman. Me håpar og trur at dette vil være starten på ei ny, flott golfbane i Lærdal, men skal me få det til treng me hjelp av deg og.

Har du spørsmål eller allereie no ynskjer og melda deg til prosjektet, ta kontakt med Petter Lossius (tlf: 900 17 090)

Mvh  
Styret LEGK

Føreløpig skisse  
6 hol:



Bildet under viser areal som blir tilgjengelig fra 2024 og gir oss sannsynlegvis mulighet til å utvida bana med 3 hol til.

Lærdal Golfbane, oversikt over eigedomar

